



- eit fyrstårn i vest

Skogsvåg barnehage

Årsplan 2026-2027



«Det viktigste et barn kan lære seg er så skaffe seg en venn, være en venn og holde på en venn»

(Tidligere kunnskapsminister Kristin Halvorsen)

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Innhold

Innleiing:	3
Kvalitet i Skogsvåg barnehage skal være kjenneteikna av:	3
Presentasjon av Skogsvåg barnehage	3
Skogsvåg barnehage sine mål for 2026/2027	4
Samarbeid mellom heim og barnehage	4
Samarbeidsutval og foreldreråd.....	5
COS – Circle of security	6
Eit trygt og godt barnehagemiljø.....	7
Psykososialt barnehagemiljø, kap. 8, §41, 42, og 43.	8
Sosial kompetanse og vennskap	9
Leik.....	10
Hovudfokus 2026/2027 : LESEGLEDE	11
.....	13
Livsmeistring og helse	14
Omsorg og danning	15
Læring:	17
Barns medverknad.....	18
Overgangar i barnehagen og mot skulen.....	19
Fagområda med progresjonsplan	20
Kommunikasjon, språk og tekst	21
Kropp, rørsle, mat og helse	22
Kunst, kultur og kreativite.....	23
Natur, miljø og teknologi	24
Etikk, religion og filosofi	25
Nærmiljø og samfunn.....	26
Mengd, rom og form	27
Vurdering og dokumentasjon	28
Plan for vurderingsarbeidet.	28
Tradisjonar	29
Syngande barnehage.....	30
Årshjul 2025-2026.....	31

Innleiing:

Lov om barnehagar og rammeplanen er saman med kommunale planar styrande for barnehagen si verksemd, og er ein forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda.

Alle barnehagar skal ha ein årsplan som presenterer barnehagen. I tillegg skal det utarbeidast planar for kortare og lengre tidsrom. Vi har månadsplanar som er kortare planer og årshjul som ein del av årsplanarbeidet vårt. Årsplanen er barnehagen sitt arbeidsreiskap til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning. Det er òg eit utgangspunkt for foreldre til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. I tillegg er årsplanen grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen og informasjon ut til eigar, politikarar og andre samarbeidspartnarar om vårt pedagogiske arbeid.

Årsplanen inneheld informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, danning, leik og læring for å fremje den allsidige utviklinga til barna i samarbeid og forståing med heimen. Planen gir òg informasjon om korleis føresegna i barnehagelova om innhald skal følgjast opp, dokumenterast og vurderast.

Kvalitet i Skogsvåg barnehage skal være kjenneteikna av:

- Alle vaksne har gode relasjonar og positive forventningar til barna.
- Barn får medverke i kvardagen sin.
- Trygge, engasjerte og kompetente vaksne. Tilsette med gode personlege eigenskapar og høg fagleg kompetanse.
- Godt samarbeid med heimen.
- Leik og læring i eit inkluderande fellesskap.
- Eit trygt og godt barnehagemiljø, med fokus på fysisk og psykisk helse.
- Godt samarbeid med skulen.

For å ivareta kvaliteten i barnehagen har vi utarbeid ein felles pedagogisk plattform med felles pedagogisk grunnsyn og satsingsområde:

«Alle barn skal kjenne seg trygge og trivast og bli ein del av eit stimulerande miljø for læring og utvikling».

Presentasjon av Skogsvåg barnehage

Dette barnehageåret har Skogsvåg barnehage 4 avdelingar, to store avdelingar – Marilhøna og Bikuben og to småbarnsavdelingar – Bjørnehiet og Revehiet. Vi er ein kommunal barnehage som ligg sentralt i Skogsvåg. Barnehagen har naturskjønne omgjevnader, med uteplass kor barna kan leike seg i eit variert terreng. Vi er ein barnehage som legg vekt på gode læringsarenaer og tek omsyn til barna sin ståstad. Dei vaksne i barnehagen er bevisste på at barna treng alderstilpassa utfordringar og oppgåver som dei kan strekkje seg etter, for såleis få føle meistring.

Skogsvåg barnehage sine mål for 2026/2027

Barnas beste skal liggje til grunn for arbeidet vårt jf. barnekonvensjonens art. 3 og art. 12. Dei skal òg få medverke og bli høyrte der det er mogleg.

- Barnehagen skal ha eit inkluderande barnehagemiljø prega av tryggleik og trivsel. jf. omsorg.
- Barna skal få ulike utfordringar tilpassa den enkelte sine føresetnader jf. barns medverknad og progresjon.
- Personalet skal legge til rette for eit godt samarbeid med foreldre/føresette, interne og eksterne aktørar jf. Foreldresamarbeid.



Samarbeid mellom heim og barnehage

Gjennom eit tett og godt foreldresamarbeid, med open kommunikasjon, respekt og forståing, vil Skogsvåg barnehage ta vare på barna sine behov for omsorg, leik, læring og danning. Foreldre er dei som kjenner sine barn best, medan det pedagogiske personalet har ein generell kunnskap om barn si utvikling. Saman skal vi skape ein god barndom for barna.

Eit godt samarbeid med føresette skapar vi gjennom:

- Dei daglege møta med foreldre i hente- og bringesituasjonar.
- Samarbeidsutvalet.
- Foreldremøte.
- Foreldresamtale mellom januar-mars, og elles ved behov.
- Brukarundersøking.
- Informasjon mellom barnehage og heim via Vigilo.
- Å gi foreldra høve til å søke hjelp og rettleiing hos personalet.

Politikarane i Øygarden kommune har bestemt at vi skal nytte UDIR sin brukarundersøking kvart år. Ved å bruke den vil vi kunne måle oss opp mot andre barnehagar landet rundt. Resultata frå undersøkinga er offentlege og vert diskutert både blant tilsette og foreldre, særskilt i SU, samt overordna leing i kommunen vil nytte resultatet i forhold til tilsyn.

Samarbeid med foreldre/føresette opp mot temaet «Eit godt barnehagemiljø» er noko vi vil arbeide for. Foreldre er vår viktigaste samarbeidspartnarar og saman kan vi lage eit godt barnehagemiljø for barna. Vi vil ha fokus på dette på foreldremøte, i foreldresamtalar og i vårt daglege møte med foreldre/føresette.

Vi ynskjer at foreldre skal bidra til eit godt barnehagemiljø og vere gode rollemodellar ved å :

- Helse på, å snakke med barn og vaksne du møter i barnehagen, med respekt.
 - Støtte opp under barnas venskap. Vis at du likar barnets vener, prat med dei og inviter dei med på aktivitetar.
 - Snakk fordelaktig og positivt om dei andre i barnehagen.
 - Tren barnet i å snakke om følelsar og om korleis det opplevast å bli heldt utanfor og forskjellsbehandla.
 - Oppmuntre barnet til å være raus.
 - Oppmuntre barnet til å vente på tur, gi, få og bytte på å bestemme i leiken. Lær barnet god konfliktløsning.
 - Ta initiativ til, og still opp på felles aktivitetar og opplevingar for barn, foreldre og tilsette i barnehagen.
 - Vis barnet korleis vi oppfører oss i trafikken.
 - Snakk med barnet ditt. La barnet ditt få utforske og undre seg og støtt det vidare til å finne svaret.
 - Ha augekontakt og ver til stades med barnet ditt når du har dei gode samtalene. Vis interesse for det barnet interesserer seg for. Hugs at tida når barnet ditt er liten, går fort!
 - Foreldre og barnehage samarbeider om felles «reglar» for invitasjon til bursdagar slik at ingen barn holdast utanfor.
- (Deler er henta frå FUB – foreldreutvalet for barnehagar).

Samarbeidsutval og foreldreråd

Skogsvåg barnehage har samarbeidsutval (SU) og foreldreråd som sikrar medverknad. Årsplanen skal fastsetjast av samarbeidsutvalet i barnehagen. Foreldra skal få høve til å vere aktivt med på å planleggje innhaldet i barnehagen. Spørsmål om innhald og prioriteringar skal drøftast i foreldrerådet og i samarbeidsutvalet. Alle foreldre har automatisk ein plass i foreldrerådet og kan kalle inn til møter utan tilsette til stade. Samarbeidsutvalet består av like mange tilsette og foreldre. Vi har fast 2 møter i SU kvart barnehage år, fleire om det er aktuelle saker.

COS – Circle of security

Vi nyttar COS som modell for vårt arbeid i korleis vi møter barna i ulike situasjonar.


Eit barn har i hovudsak to typar tilknytingsbehov. Det treng ein omsorgsperson som kan støtte barnet si utforsking og fungere som ein trygg base ("passe på meg, vere god mot meg, hjelpe meg, vise glede når vi er saman"). Barnet treng òg at omsorgspersonen er der når det søker nærleik og at ho eller han kan fungere som ein trygg hamn ("beskytt meg, trøyst meg, vis godheit for meg, organiser kjenslene mine"). Barnet sitt behov er at det treng støtte for å utforske, å bli passa på og oppleve å bli delt glede saman med, men òg å bli ønska velkomen tilbake, bli beskytta, trøysta og få organisert kjensla sine.

Tryggleikssirkelen viser oss at foreldre/omsorgspersonar har to funksjonar overfor barnet

- Vere ein trygg base som barnet kan våge å bevege seg bort frå utan at barnet blir forlatt.
- Vere en sikker hamn som alltid er der for å ta imot når barnet har behov for nærleik/trøyst frå den vaksne.

I COS lærer dei vaksne korleis dei kan møte barnas kjenslemessige behov og korleis hjelpe til å bli bevisste eigne utfordringar i å imøtekomme barnets tilknytingsbehov.

Cos sirkelen:



Eit trygt og godt barnehagemiljø

«Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, venskap og lek, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv. Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som grunnleggjande hensyn, jf. Grunnloven § 104 og barnekonvensjonen art. 3 nr. 1.» (Rammeplanen for barnehagen, s.8:2017).

«Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering. Barnehagen skal ha eit helsefremmande og førebyggjande funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjellar» Barnehageloven § 1 og § 2.

I Skogsvåg barnehage har vi fokus på at alle barn skal oppleve at dei er inkludert og ein del av eit fellesskap. Eit godt barnehagemiljø, med fokus på lek og samspel er grunnleggjande for at barna skal trivast, lære og utvikle seg. Det er dei vaksne sitt ansvar for at barnehagen har eit godt barnehagemiljø. Barnegrupper med høg sosial kompetanse vil kunne bidra til trivsel for alle, og vere med på å førebyggje mobbing og utestenging i barnehage og skule. Sjølv om det alltid er dei vaksne som har det overordna ansvaret for tryggleik og trivsel blant barna, så dannar sosial kompetanse hos det enkelte barn òg eit viktig utgangspunkt for å skape gode læringsmiljø/barnehagemiljø. All læring i tidlege år skjer i sosiale situasjonar og særskilt i samspel med andre barn eller samspel med vaksne. Derfor er sosial kompetanse òg viktig for fagleg utvikling hos barna.

Mål:

- Alle barn skal ha ein god kvardag, der dei trivast og utviklar seg og vert trygg på seg sjølv og sin identitet.
- Alle vaksne som omgåst barna skal sjå, handle og følgje opp når uønska hendingar skjer.
- Alle barn skal oppleve ein god kvardag tilpassa egne føresetnader.
- Alle barn skal oppleve at dei vert respektert for den dei er, respektere kvarandre og føle seg inkludert.


Korleis skal vi nå måla?

- Vi skal ha medverknad frå barna og vere lydhøyr til barnas innspel og deira perspektiv på aktivitetar vi legg opp til. Dette via tankekart og samtalar.
- Vi skal observere barns lek.
- Vi skal gjennomføre barnesamtalar om venskap og trivsel 2 gonger per år.
- Vi skal ha fokus på barnehagemiljøet på personalmøte og avdelingsmøte.
- Vaksne skal sjå moglegheiter, ikkje avgrensingar- sei ja når det er mogleg.
- Årshjulet og månadsplan skal sikre at vi jobbar strukturert og felles mot same mål: Bygge robuste barn, med god sjølvkjensle og tru på seg sjølv.
- Personalet skal kjenne til og kunne ta i bruk handlingsplan om utestenging, krenking og mobbing.
- Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette – tema på planleggingsdag.

Psykososialt barnehagemiljø, kap. 8, §41, 42, og 43.

- 1. januar 2021 kom kap. 8 (VIII) i barnehagelova og handlar om barns psykososiale barnehagemiljø.
- § 41 – Nulltoleranse (alle som jobbar i barnehagen skal gripe inn dersom eit barn blir utsett for krenkingar i barnehagen) og forebyggjande arbeid (jobbe kontinuerleg for å fremje helse, trivsel, leik og læring til barna).
- § 42 – Aktivitetsplikt - handlar om plikta til å sikre at barna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, og alle som jobbar i barnehagen skal følgje med på korleis barna i barnehagen har det.
Dersom De som foreldre, ein tilsett eller barnet sjølv fortel at det ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, så skal vi i barnehagen undersøke saka, og det skal evt. utarbeidast ein plan som inneheld:
 - utfordringar/problem,
 - tiltak,
 - når tiltaka skal gjennomførast,
 - kven som skal gjennomføre tiltaka og
 - når tiltaka skal evaluerast.Alt skal skje i samarbeid med heimen.
- §43 – Skjerpa aktivitetsplikt – dersom ein som arbeidar i barnehagen, krenka (utesteng, mobbar, trakassera m.m.) eit barn.

Det er utarbeida ein handlingsplan i møte med bekymringsfull vegring og fråver i barnehage. Det vil bli informert om den på foreldremøte hausten 2026. Handlingsplanen vil bli lagt ut på barnehagen si heimeside.



Sosial kompetanse og vennskap

Vi i Skogsvåg barnehage ynskjer at barna som går her skal ha med seg ein usynleg sekk fylt med sosial kompetanse, venskap og tru på eiga meistring. Sosial kompetanse bidreg til sosial inkludering og for oss i Skogsvåg barnehage er det viktig at alle barn føler seg inkludert og del av fellesskapet. Sosial kompetanse kan òg vere førebyggjande for problemåtferd, då ein er betre rusta til å handtere motstand og konflikhtar.

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar, det handlar om å lykkast i å omgå andre. Kompetansen vert uttrykt og tileigna av barn i samspel med kvarandre og med vaksne, og vert spegla i barna si evne til å ta initiativ og til å oppretthalde venskap.

Det er framheva eige punkt for sosial kompetanse i rammeplanen:

«Barnehagen skal arbeide kontinuerleg med å støtte og fremje enkeltbarns og barnegruppas sosiale ferdigheiter. Personalet er rollemodellar og bidreg gjennom eigen veremåte til barns læring av sosiale ferdigheiter. Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skape eit varmt og inkluderande sosialt miljø. Anerkjennande og støttande relasjonar er grunnlag for utvikling av sosial kompetanse»

Sosial kompetanse består av ulike sosiale ferdigheiter som er vesentlege å mestre og som må lærast:

- Empati og rolletaking - innleving i andre sine kjensler og forståing for andre sine perspektiv og tankar.
- Prosocial åtferd - positive sosiale handlingar som å hjelpe, oppmuntre og å dele med andre.
- Sjølvkontroll - å kunne utsette eigne behov og ynskjer i situasjonar som krev for eksempel turtaking og felles avgjersle og å takle konflikhtar.
- Sjølvhevdning – korleis ein kan hevde seg sjølv og eigne meiningar på ein god måte og tørre å stå imot gruppepress (jf. mobbing).
- Leik, humor og glede – å kunne skilje leik frå anna aktivitet som å tolke leike signaler, la seg rive med og føle glede (UDIR).

Mål:

- Barna skal utvikle ein positiv sjølvoppfatning og ha tru på seg sjølv og eigne ferdigheiter.
- Barna skal oppleve venskap og lære å omgåast andre.
- Vaksne skal førebyggje, stoppe og følgje opp utestenging, diskriminering, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønstre.

For å nå dette vil vi:

- Ha trygge og tydelege vaksne til stades i barnehagen som er der barna er- «på golvet».
- Støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve venskap og lære å holde på vener.
- Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og hjelpe dei i å finne løysingar i konfliktsituasjonar.
- Støtte og hjelpe barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar.

Leik

«Barnehagen skal gi barna moglegheit for leik, livsutfolding og meiningsfylte opplevingar og aktivitetar i trygge og samtidig utfordrande omgivnader» (Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald).

Barn lærar mykje gjennom leiken og leiken har ein stor verdi i vår barnehage. I leik vil barna utvikle seg både språkleg, intellektuelt, motorisk og sosialt. Leiken har ein eigenverdi som vi skal anerkjenne og legge til rette for. Leiken skal være ein arena for utvikling og læring, eit fristad for barna og ein stad vi lærar. Leik er og ein god arena for læring, og vi brukar leik og leikeaktivitetar i stor grad når vi for eksempel arbeider med språk.

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og leikens eigenverdi skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, venskap og barnas eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språkleg samhandling.» (Rammeplanen s 20).

Mål:

- Vi skal gi barna tid og rom for utforskande leik kvar dag.
- Vi skal hjelpe barn til å oppleve meistring og glede i leiken.
- Vi vaksne skal vere til stades i leik, både deltakande og observerande og støtte barn til å utvikle sosial - og leikekompetanse.

For å få dette til vil vi:

- Sette av god tid til leik kvar einaste dag, både inne og ute. Barna får i stor grad velje sjølv kva og kven dei vil leike med.
- Leggje til rette for eit leikemiljø som inspirera til fantasi, skaparglede, livsutfolding og for variert leik (organiserer rom, tid og leikemateriale som inspirera til ulike typar leik).
- Jobbe med vaksenrolla på personalmøte og avdelingsmøter- skape ein kultur for at vaksne deltek meir i leiken.
- Ha barnesamtalar med barna for å høyre deira tankar om leiken – og bruke dette til at alle barn kjem inn i leiken og utviklar gode relasjonar og venskap.

Hovudfokus 2026/2027 : LESEGLEDE

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling». (Rammeplan for barnehagar kap. 3, s. 23)

Vi i Skogsvåg barnehage har valt å fortsetje med å ha fokus på LESEGLEDE. Vi har sett ei auka leseglede hos barn, tilsette og foreldre når vi har jobba med det, og ser at vi har endå meir å hente ved å ha fokus på leseglede. Vi er oppteken av å gi barna ein god føresetnad før skule og bidra til å førebyggje lese- og skrivevanskar så godt som vi kan. Barn treng å bli «bada» i ord for å utvikle verbalt språk og omgrep. Forsking visar at å lese og samtale rundt bøker har stor verdi for barnas språkutvikling. Barn og foreldre har ulike morsmål og kan ha vidt forskjellige bakgrunn og kultur i forhold til det å lese heime - medan i barnehagen kan alle ha like omgjevnader og få like moglegheiter til å bli lest for. Å lese for barn er å bade barnet i ord, ein hjelp og støttar barnet i å utvikle omgrepsforståing og fantasi, i tillegg til å få ei forståing for skriftspråket.

Leseplede er ikkje berre å bli lest for. Leseplede er òg at barna får eit positivt forhold til tekst og bilete og at tekstane og bileta er utgangspunkt for samtalar. Lesing kan førebyggje lese- og skrivevanskar. Høgtlesing bidreg til å auke barnets sosiale ferdigheiter. Barna får erfaringar med situasjonar som dei gjerne ikkje opplev til dagleg, dei øva seg på å leve seg inn i andre sine situasjonar og kjensler.

Mål:

- Personalet skal leggje til rette for lesing, inne eller ute.
- Personalet skal følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike formar for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling.
- Personalet skal sørgje for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne tankar og kjensler.

For å få dette til vil vi:

- Gi alle barn varierte og positive erfaringar med å bruke språket. Det vil vi gjere i ulike settingar, for eksempel med lesing, samtalar, rim, reglar, song m.m.
- Vi vaksne skal vere bevisst barnas bruk av kommunikasjon. Vi må lese barnas bruk av kropp, rørsle og ord for å samhandle med dei på best mogleg måte, og for å støtte dei i utviklinga av talespråket.
- Vi vaksne skal stimulere den verbale og non-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involvert i samspel og samtalar.
- Vi vil satse på høgtlesing og gode samtalar og lære barna samanhengane mellom språk og tekst.
- Vi vil bruke digitale eventyr og bøker på ulike morsmål, slik at vi stimulerer barna i bruk av morsmålet sitt.

I Skogsvåg barnehage vil vi lese og ha fokus på lesing og involvere foreldre slik:

- Ha lesesamling.
- Lesepose, der barna får låne med seg bok heim.
- Bøker tilgjengeleg på avdeling.
- Barnehagen arrangerer «pop – up» bibliotek, for heimlån av bøker.
- Bruke konkretar i lesing, for å forsterke og visualisere det verbale språket.

10 grunner til at høytlesing er bra. (Henta frå Leseskogen.no)

«1. Høytlesing er et godt utgangspunkt for å snakke om livet. Når du leser høyt for barnet ditt åpner du for samtaler og diskusjoner. Barnet kan snakke om sine erfaringer med utgangspunkt i det som skjer i bøkene.

2. Høytlesning skaper gode relasjoner mellom foreldre og barn. Høytlesing er en hyggelig sosial aktivitet i en ellers travelt hverdag. Møtene og samtalene rundt litteraturen skaper fellesskap og gjør at du blir bedre kjent med barnet ditt.

3. Høytlesing stimulerer barnas fantasi og nysgjerrighet. Når du leser for barnet er barnet selv med å dikte i fortellingen og skape sine egne bilder. Litteratur stimulerer barnas fantasi og lyst til å vite mer.

4. Høytlesing bidrar til å øke barnets sosiale ferdigheter. Gjennom litteraturen får barnet erfaringer med situasjoner som det ikke får erfaringer med i den vanlige hverdagen. Barnet øver seg også på å leve seg inn i og forstå andres situasjon og følelser.

5. Høytlesing stimulerer barnets språkutvikling. Når vi leser høyt for barnet møter barnet flere ord enn det gjør i dagligtalen og i tekstene som barnet leser selv. Derfor fører høytlesing til at barnet får et større ordforråd. Litteraturen er en effektiv vei til et rikt språk.

6. Høytlesning fører til bedre leseferdigheter. I skolen er lesing det viktigste kompetanseområdet. Barn som blir lest for blir selv bedre lesere. Leser du høyt for barnet ditt får det et godt utgangspunkt for å lykkes på skolen.

7. Høytlesing fører til bedre skriveferdigheter. Barn som får høre et stort utvalg fortellinger, blir kjent med fortellingens grunnleggende oppbygging. Dette er grunnleggende når man skal skrive en tekst. Barn som blir lest høyt for skriver bedre tekster.

8. Høytlesning trener barnets konsentrasjonsevne. Når du leser for barnet lærer barnet å lytte og konsentrere seg om noe dere sammen retter oppmerksomheten mot.

9. Barnet får positive erfaringer med lesing. God litteratur gir barn og foreldre den umiddelbare gleden ved en god historie som er fortalt på en god og spennende måte.

10. Dere deler en kunstopplevelse. Når du leser for barnet ditt, gir du deg selv og barnet en kunstopplevelse.»

Hvordan legge til rette for lesing hjemme? (henta fra leseskogen.no)

Ha bøkene lett tilgjengelig. La barnebøkene oppbevares synlig og i barnets høyde.

Skap en hyggelig ramme rundt lesingen, og sett av tid til å ta barnet aktivt med. La barna stille spørsmål, og la dem undre seg over nye ord. Snakk sammen om bildene i bildebøkene.


Skap ro rundt lesestunden. Fjern ting som konkurrerer om oppmerksomheten, som TV, nettbrett og andre fristelser.

Finn en bok både du og barnet synes virker interessant. Høytlesing skal være gøy både for små og store. Gjennom høytlesing kan dere sammen, barn og voksen, oppleve stor litteratur.

Gjør høytlesing til en rutine. Les på faste tidspunkt hver dag, for eksempel etter middag eller til kveldsmaten. Lesing trenger ikke nødvendigvis foregå på sengekanten.

Tegneserier er en godt alternativ til bøker, og for mange en fin inngang til litteraturens verden. Gjennom tegneserier lærer barna å tolke bilder, en egenskap som er grunnleggende i lesing av litteratur.

Vær en lesende rollemodell både hjemme og ute. Vis at du leser mens du sitter på bussen eller mens du venter på barna under fotballtrening.



Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap». (Rammeplanen kap. 1 s 11).

Livsmeistring handlar både om fysisk og psykisk helse. Alle barn i barnehagen har rett til å få ro og kvile i løpet av barnehagedagen, samstundes som vi skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet. I Skogsvåg barnehage skal alle barn få moglegheit til å utvikle ein god psykisk helse. Alle barn har rett til å trivast, oppleve livsglede, oppleve meistring og følelse av eigenverd. Dei skal ha tru på seg sjølv og eigne ferdigheiter ut frå sine føresetnader, og rustast til å møte både med - og motgang. Stikkord for arbeidet her er å jobbe med regulering av kjensler, meistre konflikhtar, ha god sosial - og leikekompetanse og takle skuffelsar.

Barnehagen skal òg gjennom måltid i barnehagen gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. Vi ynskjer at måltidet skal vere ein pedagogisk arena for inkludering og sosialt samvær og sosialt samspel. Her skal vi vaksne vere aktive språklege rollemodellar, då samtale og deling av rike opplevingar er ein av dei viktigaste ressursane i barnehagen når det gjeld språkutvikling.

Mål:

- Barna skal kunne kjenne att og kunne regulere kjenslene sine ut frå nivå og alder.
- Alle barn skal oppleve meistring ut frå sine føresetnader.
- Vi skal hjelpe barn med å regulere kjenslene, anerkjenne dei og å handtere kjenslene sine på ein god måte, ved å vere tett på barna i leik og aktivitetar og støtte dei i å handtere ueinigheiter/konflikhtar.
- Alle barn skal ha tid til ro og kvile i kvardagen.
- Alle barn skal trivast og glede seg til å gå i barnehagen.

For å få dette til vil vi:

- Bruke barnesamtalar for å samtale om barnets trivsel – både individuelt og i grupper.
- Vaksne som er til stades i kvardagen - og har barnefokus i det dei gjer.
- Utarbeide aktivitetsplan for barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Ha fokus på å lære barna å kjenne att kjenslene sine og korleis dei kan handtere ulike kjensler. Dette ved blant anna at vi vaksne er tett på i leiken, både inne og ute, og støttar barna til å handtere ueinigheiter og konflikt.

Omsorg og danning.

«Barnehagen skal i nært samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik. Leggje til rette for å fremme læring og danning som er grunnlaget for allsidig utvikling.»
(Barnehagelova § 1 Formål, 1. ledd, første punktum).

Omsorg:

«Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som òg verdset omsorgshandlingane til barna».(Rammeplanen kap. 2 s. 19).

Ein omsorgsfull relasjon mellom barn og vaksne, og mellom dei vaksne i barnehagen er prega av lytting, nærleik, innleving, evne og vilje til samspel.

I vår barnehage betyr omsorg først og fremst at kvart enkelt barn blir sett, høyrd, respektert og teken godt vare på, samtidig som det er viktig å setje positive grenser!

Omsorg for barna i Skogsvåg barnehage skal bere preg av:

- Tilstadeverande vaksne som er der barna er, enten det er på golvet eller ved eit bord.
- Ro og kvile for alle barn - uansett om dei søv på dagen eller ikkje.
- Dei vaksne skal møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg til kvart enkelt barn. Òg som er lydhøyre for kva barn uttrykkjer og tek dei på alvor.
- Vaksne som gjev støtte og hjelp ut frå kvart enkelt barns behov og føresetnader.
- Ha fokus på relasjonar: barn – barn, barn – vaksen og vaksen – vaksen.

For å nå dette vil vi:

- Møte barna i garderoben og ynskje dei velkomen, når det lar seg gjere.
- Gi av oss sjølv og vere på barna sitt nivå, og på golvet saman med barna.
- Vere tydelege vaksne med gode, føreseielege og samkøyrde retningslinjer og rutinar for barna.
- Vere støttande vaksne som hjelp barna til å bli sjølvstendige og til å føle meistring jf. COS.
- Lytte til barna - både verbalt og non-verbalt språk.
- Vere bevisst korleis vi vaksne ordlegg oss - og brukar kroppsspråket vårt.
- Ta barna på alvor.
- Ha barneperspektiv i det vi gjer og planar vi legg.
- Trygge vaksne gjev trygge barn = godt læringsmiljø.

Danning:

«Barnehagen skal fremje danning, og oppmuntre barna til å være prøvande til og nysgjerrige på omverda, og bidra til å legge grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap». (Rammeplanen s. 21).

I barnehagen møtes store og små menneske, med ulik kulturell bakgrunn, religion og utdanning. Våre haldningar og verdier vi har om barn/mennesket, vår eigen kultur, oppdraging og fagleg kompetanse er med på å prege oss og det vi formidlar/lærer frå oss til barna.

Danning er ikkje berre oppdraging i forhold til rett og gale. Det er å danne barna som menneske i ein heilskap – sjå kvart barn som eit enkelt individ, full i ressursar og bli ein del av det store fellesskapet. Vi skal støtte barna i å finne deira identitet, kven er eg? Vi skal ruste barna til å møte ulike sosiale settingar og verden ut frå dei føresetnadane den enkelte har med seg, slik at dei kan utvikle seg best mogleg. Danning er og å legge til rette for barns nysgjerrigheit og utforsking.

Barnehagen skal bidra til å fremme tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen dei ferdast i. Gjennom omsorg, læring, lek og sosialisering skal Skogsvåg barnehage, i samarbeid med foreldre, bidra til barnet si danning.

Mål:

- Gi barna ein god kvardag som er trygg og føreseieleg for barna.
- Vi skal synleggjere og framheve mangfald og ulikskap i barnehagen, som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.
- Lære barna god samhandling, arbeide med sosial kompetanse.
- Vaksne skal vere gode rollemodellar for barna og ha felles rutinar og reglar i ulike danningssituasjonar, for eksempel måltid, garderobe, samlingar og i lek.

For å få dette til vil vi:

- La barna møte vaksne som er omsorgsfulle og til stades for dei.
- Arbeide med sosial kompetanse.
- Ha gode rutinar på dagen, bruke visuelle hjelpemiddel, eks dagtavle.
- Oppmuntre barna til å hjelpe kvarandre og respektere at vi er ulike.
- Leggje til rette for at barna utviklar evna til å vere nysgjerrig på omgjevnadane og sjå seg sjølv som eit verdifullt medlem av fellesskapet.
- Hjelpe barna å sortere/sette ord på kjensler/opplevingar.
- Vaksne skal vere bevisste på eigen rolle, og vår påverknad på barna og deira utvikling.

Læring:

Rammeplanen for barnehagar seier at barnehagen skal fremje læring i eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Vi skal introdusere tema, materiale, reiskap m.m som bidreg til læring og meningsfull samhandling. Barna skal forstå samanhengar og utvide perspektivet sitt på ulike område. Barnehagen gjev barna grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Dei vaksne støttar barnas nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gjev utfordringar med utgangspunkt i barns interesser, kunnskap og ferdigheiter. Å ivareta barn si lærelyst handlar i stor grad om engasjerande og motiverande vaksne som skapar eit godt og allsidig læringsmiljø med rom for undring.

Eit godt læringsmiljø kjenneteiknast av:

- Positive relasjonar mellom barn og vaksne.
- Eit miljø der nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst vert anerkjend, stimulert og lagt til grunn for læringsprosessar.
- God leiing, organisering og legge til rette for læring i barnehagen.
- Vaksne som reflekterer over eigen handlingar og praksis i fellesskap.
- Vaksne med høg kompetanse i å sjå det enkelte barnet, å lede barnegruppa og pedagogiske prosessar.
- Godt samarbeid mellom barnehage og heim.

Vi i Skogsvåg barnehage vil arbeide med læring gjennom heile dagen. Vi har som mål å introduserer nye situasjonar, tema ,fenomen, materiale og reiskap som skal bidra til god samhandling. I læringsprosessane legg vi vekt på barnas nysgjerrigheit, vitelyst og kreativitet som grunnlag for barnas utvikling.

Vi tenkjer at det skjer mykje lærling i leik og har mykje fokus på å gje barna tid til å leike. Her lærer dei blant anna sosial kompetanse, dei lærer om rollar og eigen plass i eit fellesskap, dei får leikt gjennom erfaringar og bearbeida dei, dei førebur seg til skulen m.m. I tillegg har vi strukturerte læringssituasjonar som samling, aktivitetar og for eksempel språkgruppe.

Barns medverknad

«Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagens daglege verksemd. Dei skal jamleg få mogelegheit til aktiv deltaking i planlegginga og vurderinga av barnehagens verksemd. Barns synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med eigen alder og modenskap». (Barnehageloven §3 Barns rett til medverking).

Barns medverknad handlar om å bli sett, høyrte og respektert for den dei er. Barna skal få oppgåver ut frå modning, alder og meistringsnivå, slik at dei ikkje vert stilt til ansvar for noko dei ikkje meistarar. Alle får utfordringar og noko å strekke seg etter – då med vaksne som oppmuntrar og støttar.

Vi ynskjer at barna skal oppleve å bli tolka/sett ut frå sine uttrykksformer. Vi vaksne skal vere ekstra lydhøyr ovanfor dei signala barna sendar og gripe fatt i dei. Vi ynskjer òg at barna skal få oppleve at dei vert tatt på alvor når dei kjem med idear og tankar og at dei får uttrykt eigne meiningar og kjensler. Dei skal og få ein oppleving av at dei har noko å bidra med – at deira meining tel og er verdt å lytte til.

For å leggje til rette for barns medverknad skal vi:

- Lytte til barna, både i her- og no situasjon og i samtalar.
- Observere barna for å finne ut kva dei er opptekne av og interessert i.
- Vere observant for dei ulike uttrykka og behova til alle barn, uansett alder.
- Vi skal sjå kvart barn og vise at vi ser dei. Å vise at vi ser barnet kan skje verbalt, med blick eller fysisk berøring for eksempel klapp på skuldra eller ein klem når det trengs.
- Ha fleksible planar som kan bli endra på ved behov. Ha rom for det spontane.
- Bruke samlingsstund som ein arena for å høyre barnas ynskjer.
- Gi støtte og bidra til barna sine initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet og lærelyst.
- Ta vare på barna sine vennskap ved å lytte til deira ynskjer om kven dei vil vere med.



Overgangar i barnehagen og mot skulen

Når barnet byrjar i barnehagen

Tilvenninga i barnehagen er lagt opp til å vare minimum 3 dagar. Alle foreldre/føresette må sette av 3 dagar til tilvenning, men vi oppmuntrar foreldre/føresette til å bruke lengre tid om dei har moglegheit for det. Dette for å gi ein best mogleg start for barna.

Overgangar i barnehagen

Vi prøver å gjere overgangane i barnehagen så god som mogeleg. Gjennom året så er småbarn ute og leikar på storbarns sida når det passar seg og småbarna er klare for det.

På våren legg vi opp til besøksdagar, der dei som skal bytte avdeling får gå på besøk til den avdelinga dei skal byrje på til hausten. Vi besøk avdelinga så ofte som mogleg. Vi delar barna i fleire grupper, slik at dei barna som skal på besøk får ei god oppleving.

Overgang og samarbeid barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med skulen legge til rette for barns overgang frå barnehage til første klasse. Samarbeidet skal ha fokus på kva barn kan og meistarar og på kva dei kan trenge særskilt støtte til. Dette skal skje i nært samarbeid med heimen.

Dette gjer vi:

- Barnehagane i kommunen har felles rutinar for overgang mellom barnehage og skule.
- Vi legg til rette for ekstra samarbeid kring barn med særskilde behov for tilrettelegging.
- Kommunen har utarbeidd ein felles plan for det skuleførebuande arbeidet med fokus på sosial kompetanse, språk, matematikk og skuleførebuande aktivitetar. Dei skuleførebuande aktivitetane inkluderer arbeid med sjølvstendetrening, konsentrasjon, merksemd og finmotorikk.



Fagområda med progresjonsplan

«Barnehagen skal gje barn grunnleggande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskapar og ferdigheiter.» (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald).

Som ei hjelp i den alderstilpassa opplæringa og for å sikra rammeplanen sine krav innafor dei sju fagområda, skal barnehagane ha ein progresjonsplan innanfor fagområda. Progresjonsplanen skal nyttast som eit arbeidsreiskap for dei vaksne og gjelde alle aldersgrupper i barnehagen.

Dei minste skal ha anna tilbod og opplevingar i barnehagen, enn dei eldste, dette jf. alder, modning og føresetnader hos barna.

Det kan være utfordrande å skrive konkret kva ein skal gjere innanfor dei ulike fagområda, då vi og vil ta barnas innspel og meiningar med i arbeidet vårt.

Det kan vere at nokre av måla ikkje vert nådd - og det kan dukke opp andre mål undervegs. Noko som lar seg gjere, då barnehagekvardagen lever og er i endring . Vi vil så langt det lar seg gjere, prøve å nå alle måla i progresjonsplanen - og evaluere undervegs korleis det går.

Bildet henta frå «minbarnehage.no»



Kommunikasjon, språk og tekst

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet sin utvikling» Rammeplan for barnehagar (kunnskapsdepartementet. 2017.)

Barnehagen skal støtte barn si utvikling av språk og kommunikasjon slik at barnet kan kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barna skal få god språkstimulering ved å delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.

	Mål	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	Nådd	Ikkje nådd
1-3 år	Barna skal bruke språket til å skape relasjonar og delta i lek.	👣 Lese bøker. 👣 Ha rim, reglar og song også utanfor samlingsstund. 👣 Samlingsstund. 👣 Dei vaksne skal sette ord på det barnet gjer, opplev og følar. 👣 Dokumentasjon i form av bilete på veggane. 👣 Vaksne som støttar og hjelp barnet til å bruke språket/kroppsspråk, teikn til tale. 👣 Syngande barnehage.		
3-6 år	Barna skal oppleve spenning og glede ved høgtlesing, fortellingar, song og samtalar.	👣 Stimulera til attforteljing. 👣 Barnesamtale. 👣 Vaksne som støttar og hjelp barnet til å bruke språket aktivt i alle situasjonar. 👣 Samlingsstund. 👣 Ha namneskilt på barnets plass i garderoben. 👣 Lese eventyr, lydbok eller lytte til musikk. 👣 Gode samtalar. 👣 Synleggjere skriftspråket i det fysiske miljøet 👣 Få kjennskap til andre språk, gjennom t.d. teljing, song, ord. 👣 Syngande barnehage.		

Kropp, rørsle, mat og helse

«Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.» (Rammeplan for barnehagar, s. 49)

	Mål	Tiltak ein kan gjere for å nå måla		
1-3 år	Barna skal få oppleve trivsel, glede og meistring inne og ute – året rundt.	• Tur i nærmiljøet. • Gå turar i ulendt terreng. • Songar med rørsle, songar om kroppsdelar. • Legge til rette for at barna skal ha moglegheit til å kvile seg ein periode i løpet av dagen. • Få tilbod om god og næringsrik mat.		
3-6 år	Barna skal få vidareutvikle motoriske ferdigheiter, kroppsbehersking, koordinasjon og fysiske eigenskap.	• Aktiv bruk av natur og nærleik. • Ulike aktivitetar som t.d. sykle, klatre, leike med ball. • Sansemotoriske opplevingar i kvardagen. • Legge til rette for at barna skal ha moglegheit til å kvile seg ein periode i løpet av dagen. • Vere merksam på barnets kjensle. Støtte dei i å forstå kjensla sine • Gi barna meistrinsglede. • Finmotorisk trening. • Sjølvstende trening.		



Kunst, kultur og kreativitet

«Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlaget for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeide. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike formar og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon». (Rammeplan for barnehagar)

	Mål	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	Nådd	Ikkje nådd
1-3 år	Barna skal oppleve glede og stoltheit over eigen kulturell tilhøyrslø.	🐾 La barna oppleve og få erfaring med ulikt materiell. 🐾 Læra barna enkle tradisjonsrike songar. 🐾 Motivere barna til å utrykke seg visuelt gjennom musikk, song, dans og drama. 🐾 Blir kjent med ulike instrument. 🐾 Ha tilgang til utklekningsklede.		
3-6 år	Det skal leggst til rette for at barna skal kunne ta i bruk eigen fantasi, kreativ tenking og skaparglede.	🐾 Bruke instrument/rytmeinstrument. 🐾 Erfaring med primærfargane. 🐾 Variert materiale og verktøy tilgjengeleg for barna. 🐾 Songleikar. 🐾 Motivere barna til å utrykkje seg gjennom musikk, dans og drama. 🐾 Fokus på kulturelt mangfald.		



Natur, miljø og teknologi

«Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og få erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider». (Rammeplan for barnehagar)


	Mål:	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	Nådd	Ikkje nådd
1-3 år	Barna skal få gode opplevingar i naturen året rundt.	• Legge til rette for gode opplevingar i naturen. • Småturar utanfor barnehagen. • Sjå på insekt og småkryp. • Bli kjend med naturen kring barnehagen, til alle årstider. • Fokus på årstider.		
3-6 år	Barna skal få oppleve og utforske naturen og naturens mangfald.	• Opplive glede med å ferdast i naturen. • Respekt for alt liv, i tale og handling. • Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring. • Bruke begrep om vør og årstidar. • Ulike fysiske eksperiment som t.d. snø, vatn, flyte/søkk. • Vaksne som støttar barnet i undring og utforsking. • Filosofiske samtalar kring erfaringar og opplevingar i naturen.		



Etikk, religion og filosofi

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska og pregar verdiar, norma og haldningar. Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverd». (Rammeplan for barnehagar)

	Mål:	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	Nådd	Ikkje nådd
1-3 år	Det skal leggst til rette for at barna får moglegheit til å vise interesse og toleranse for kvarandre.	• Lære seg sosiale kodar, som å vente på tur og dele. • Vaksne med ein anerkjennande haldning til barna. • Gode og trygge rollemodellar. • Kristne julesongar. • Lese bøker om temaet.		
3-6 år	Barna skal få rom til å utvikle interesse og respekt for kvarandre, samt hjelp til å forstå verdien av likheit og ulikheiter i eit fellesskap.	• Gjere barna kjend med ulike høgtider. • Dele med andre. • Meistringsglede. • Konfliktløysing. • Venskap og sosiale ferdigheiter. • Markere FN dagen – lage plakater saman med barna om barnas rettigheiter. • Fremja forståing, ettertanke og toleranse. • Filosofiske samtalar.		



Nærmiljø og samfunn

«Barns medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda». (Rammeplan for barnehagar)

	Mål:	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	Nådd	Ikkje nådd
1-3 år	Barna skal oppmuntrast til å medverke i eigen kvardag og utvikle tillit til deltaking i samfunnet.	• Vaksne med ein anerkjennande haldning til barnet uansett minoritet eller familie bakgrunn. • Barnas hus/familiar. • Gå småturar rundt i barnehagen og nærmiljøet.		
3-6 år	Barna skal bli kjend med ulike tradisjonar, levesett og familieformar.	• Barnas hus/familiar. • Markere samisk nasjonaldag og ha samtalar om deira kultur. • Kulturformidling. • Ulike sosiale tilstellingar i løpet av året. • Barna får kjennskap til FNs barnekonvensjon og barns rettigheter. • Besøke dei samfunnsinstitusjonane som det er mogeleg å besøke i nærleiken av barnehagen, t.d. biblioteket, Sundheimen, Dagsenteret, butikkar. • Begynnande trafikkopplæring.		

Mengd, rom og form

«Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølve vere kreative og skapande». (Rammeplan for barnehagar)

	Mål	Tiltak ein kan gjere for å nå måla	Nådd	Ikkje nådd
1-2 år	Barna skal bli kjent med ulike former, farger og tal gjennom å utforske, erfare og leike.	• Tilrettelagt fysisk miljø. • Tilpassa leiker (ballar/klossar). • Turtaking. • Gir barna tilgang til ulike typar former og synleggjere dei. • Øve på telleramsen. • Leik med vatn.		
3-6 år	Barna skal få moglegheit til å oppdage og undre seg over matematiske samanhengar.	• Bruke matematiske omgrep i kvardagen. • Hengja opp talrekkja på avdelinga. • Sortering/rydding. • Få erfaring med storleiker. • Ulike fysikkforsøk. • Mengdemåling. • Spel/spelereglar. • Tidsomgrep, dag, år... • Leggje til rette for matematiske erfaringar i leiken.		



Vurdering og dokumentasjon

Rammeplanen seier at barnehagen jamleg skal vurdere det pedagogiske arbeidet. Barnets trivsel og allsidig utvikling skal observerast og vurderast fortløpande og barnets erfaringar og synspunkt skal inngå i vurderingsarbeidet.

Tiltak for å gjere dette er blant anna ved at ein obligatorisk foreldresamtale i året. I tillegg tilbyr vi foreldresamtalar etter behov dersom det skal vere noko.

Vi har barneintervju med dei eldste barna (gjærne frå 3 år) og gode observasjonar av dei minste.

Dei tilsette dokumenterer innhaldet i kvardagen gjennom barna sine eigne uttrykk, «plan for vurderingsarbeid», plakatar og månadspost og i Vigilo. Det skapar avklaringar og gjev grunnlag for vidare arbeid. Avdelingane evaluerar og planlegg ein gong i månaden. På denne måten tek ein òg vare på barna sine innspel. Kvart halvår skal det gjerast utførlege vurderingar. Dokumentasjonen skal sikre at brukarane får innsyn i det pedagogiske arbeidet. Personalet brukar dokumentasjon som grunnlag for samtale og refleksjon kring pedagogisk praksis. Dokumentasjon skal gje informasjon om kva barn opplev, lærar og gjer i barnehagen. Trivsel og utviklinga til barnegruppa og det enkelte barnet skal observerast og vurderast fortløpande.

Foreldre og tilsette skal vurdere barnehagen gjennom brukarundersøkingar og medarbeidarundersøkingar. Vurderingane skal brukast som grunnlag for den vidare planlegginga i barnehagen. Årsplanen er òg eit utgangspunkt for foreldra til å kunne påverka innhaldet i barnehagen.

Plan for vurderingsarbeidet.

Kva skal vurderast:	Mål for vurderingsarbeidet:	Kven skal delta:	Korleis vurdere:	Tidspunkt
Barnehagens arbeid med språk- og omgrepsinnlæring «Leseglede»	Personalet skal ha fokus på å lese bøker i kvardagen. Barna skal badast i språk gjennom samtalar i kvardagslege aktivitetar.	Alle tilsette!	Leseposer. Evaluering på avdelingsmøter, leiarmøter og personalmøter. Kollegaer på avd. reflekterer saman.	Avdelingsmøter gjennom året Personalmøter gjennom året

Tradisjonar

DATO/VEKE	KVA	ANSVAR
Veke 38 (sept.)	Brannvernveke	Avdelingane
15.10.26	Refleksdagen – utdeling av refleks.	Avdelingane
23.10.26 (24.10.26)	FN dagen	Avdelingane
30.10.26 (31.10.26)	Halloween	Avdelingane
Veke 46 og 47 (nov.)	Pop-up bibliotek i storastøvo	Avdelingane
02.12.26	Nissefest	Avdelingane
Veke 2 (jan.)	Lommelykt tur	Avdelingane
06.02.27/veke 5	Samedag - sameveke	Avdelingane
Veke 5	Fastelavn	Avdelingane
12.02.27 (14.02.27)	Morsmålsdagen	Avdelingane
26.02.27	Karneval	Avdelingane
09.03.27?	Barnehagedagen	Avdelingane
Mars 2027 (veke 11)	Påskesamling og påskejakt	Avdelingane
Veke 16 (april)	Russedåp – russetida startar – rosa russ	Førskulegruppa
Veke 19	Førebuing til 17. mai – tog 14. mai 2027	Avdelingane
Juni 2027	Førskuletur	Førskulegruppa
Juni 2027	Sykkeldag - førskuleavslutning	Førskulegruppa

Øygarden kommune ønske å bli ein trafikksikker kommune. I samband med det er det utarbeida eit forenkla årshjul for barnehagar. Skulane har eit meir omfattande årshjul.

Årshjulet til barnehagar inneheld at vi:

- På foreldremøte haust 2026 vil vi informere om haldningsskapande trafikktryggleik, kva foreldre må bidra med og vise filmsnutt.
- Markerer refleksdagen.
- Sykkeldag for førskulebarna.

Syngande barnehage

Syngande barnehageprogram er ein ressurs for barnehagar som ønske å satse meir på sang og musikk, styrke personalet sin musikkfaglege kompetanse, og som vil at sang og musikk skal vere ein naturleg del av barnehagekvardagen.

Implementere sang

Syngande barnehage er eit program for alle barnehagar i heile landet, og er skapt for å gjere det enkelt å implementere sangaktivitetar i barnehagekvardagen.

Vi ønske å formidle kunnskap om musikken sin betydning i relasjonsbygging og i barnas generelle utvikling.

Mål

Målet med Syngande barnehage er ei varig satsning på sang og musikk.

Vi veit at alle barnehagar har ulik satsingsgrad og ulike mål med sin bruk av sang og musikk, derfor tilpassas satsninga til den enkelte barnehage sitt behov.



8 grunner til å bli ein Syngande barnehage:

- Song skapar glede.
- Bruk song som verktøy.
- Song styrkar tilknytning og emosjonell utvikling.
- Song kan nyttast i tilvenning.
- Song styrkar språket.
- Song gir tryggleik og byggjer venskap.
- Song styrkar musikaliteten.
- Song skapar inkludering.

Årshjul 2026-2027

Kommunikasjon, språk og tekst – gjennomgåande gjennom heile året.					
Tema	Rammeplanen	Mål	Aktivitetar	Personalet skal	Oppfølging
Leseglede Språkglede	I barnehagen skal barna få moglegheit til å erfare ulike formidlingsmåtar av tekster og fortellingar, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møter med språk og kultur. «Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur.»	Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna utforsker og gjer seg erfaringer med ulike skriftspråksuttrykk, som leikeskrift, teikning og bokstaver, gjennom lese- og skriveaktiviteter. Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna: -Brukar språk til å skape relasjonar og delta i lek, og som reiskap til å løyse konflikter. -Møte eit mangfald av eventyr, forteljingar, segner og uttrykksformer.	Lesepose.	-Skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre. -Invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål.	Lesepose – samarbeid med heim. Bruke vårt lokale biblioteket.

Månad	Tema	Rammeplanen:	Mål	Aktivitetar	Personalet skal:	Oppfølging
August September Oktober November	Bli kjent	«Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få moglegheit til å sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Barna skal inkludast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut i frå egne føresetnader.»	Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna: -opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsle erfaringar, inne og ute, året rundt. -Vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar.	Leik Samlingar Turer	Personalet skal: - Vere aktive og nærverande, støtte og utfordre barna til variert kroppsleg leik og anerkjenne barnets meistring. -Gje barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet.	-Tilvenning -Startsamtale alle nye barn. <u>Månadens bordvers:</u> «Solbærsaft og kake.»
Kropp, rørsle, mat og helse	Familie og relasjon	«Barnehagen skal legge til rette for kulturmøte, gje rom for barnas eigen kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap... Barnehagen skal synleggjere et mangfald i familieformer og sørge for at alle barn får sin familie speila i barnehagen.»	Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna blir kjent med egne behov, få kjennskap til menneskekroppen og utvikle gode vaner for hygiene og et variert kosthald.	Hus + flagg Foreldre og søsken Brannvernveke 38 Haust		<u>Månadens bordvers:</u> «Grauten koker.» <u>Månadens teikn:</u> -September, brannbil, haust, oransje, familie. Syngande barnehage songar Navnsong
Mangfald og gjensidig respekt						
Kunst kultur og kreativitet		«Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring,	Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna: -Brukar ulike teknikkar, materiale,	Foreldre-samarbeid 24. FN oktober, vener, ti store bøker, barnekonvensjonen)	Personalet skal: -Samtale med barna om deira egne og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk.	Barnesamtaler-/Bussen <u>Månadens bordvers okt:</u> «1, og 2 og 3.»

		undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering.	verktøy og teknologi til å uttrykke seg estetisk. -Bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede.	Arrangere "Pop-up" bibliotek med foreldre)	Bidra til at kulturelt mangfold blir til glede for heile barnegruppa.	<u>Månadens teikn okt:</u> -Oktober, brun, regn, blad, eple. <u>Måneds song okt:</u> Morgendagens søsken <u>Månadens bordvers nov:</u> «Kom og spis.» <u>Månadens teikn nov:</u> -November, storm, vatn, lese, bok. Syngande barnehage song
Desember Etikk, religion og filosofi	Høgtid	«Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn og erfaringar med at kulturelle uttrykk har eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for samfunnets mangfold og forståing for andre menneskers livsverden og levestett.»	Gjennom arbeid med etikk, religion, og filosofi skal barnehagen bidra til at barna: -Får kjennskap til grunnleggende verdier i kristen og humanetisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. -Utvikler interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskaper og ulikskaper i eit fellesskap.	Høgtid Nissefest Advents – gudstjeneste.	Personalet skal: -Gje barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representert i barnehagen. - Formidle forteljingar og skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema.	<u>Månadens bordvers:</u> «Nå har vi vasket hender.» <u>Månadens teikn:</u> -Desember, god jul, nisse, juletre, raud. Syngande barnehage song

2026						
Måned	Tema	Rammeplan	Mål	Aktiviteter	Personalet skal	Oppfølging
Januar Februar Mars	Trampoline-bok: Leik og eksperimentering med tal, mengd, teljing, formar og mønster.	«Fagområdet omfatter leikande og undersøkingar med samanlikning, sortering, plassering, orientering, former, visualisering, former, mønster, tall, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søke løysingar.»	Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna: - Oppdagar og undrar seg over matematiske omgrep. -Leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykke dette på. -Bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing.	Vinter Lommelykttur storbarn: Sameveke Karneval Fastelavn Fastelavns ris Morsmålsdagen Vår Barnehagedagen	Personalet skal: -Legge til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdypande samtalar i leik og kvardag. -Bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til matematisk tenking.	Månadens bordvers <u>januar:</u> «Kua mi» <u>Månadens teikn januar:</u> -Januar, ake, snø, kvit, vinter. <u>Månadens song januar:</u> Avd. velger sjølv. Foreldresamtaler Barnesamtaler Mnd. Bordvers feb: "Olle bolle"

						Mnd. Teikn: Februar, same, karneval, glatt, kaldt. Syngande barnehage song Mnd. bordvers mars: «Egg på brett» Mnd. Teikn: -Mars, påske, kylling, gul, egg. Syngande barnehage song
--	--	--	--	--	--	--

2026						
Månad	Tema	Rammeplan	Mål	Aktiviteter	Perosnalet skal	Oppfølging
April Mai Juni	Natur og dyreliv.	Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremme forståing for naturens eigenart og barnas vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremmar evna til å orientere seg og opphalde seg i naturen“	Gjennom arbeid med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna: -Får oppleve og utforske naturen og naturens mangfold. -Barna skal få kunnskap om dyr og dyreliv.	Vår/Sommer Utforsking av dyreliv og naturen vår. Påskemarkering Påskesamling på Storastøvo. 17 mai førebuing. Rosaruss Fotografering. Avslutning førskulebarna: Sykkeldag Avslutning av bhg året for barna Sommerfest (SU) Besøksdag for nye barn.	Personalet skal: -Synliggjøre naturfenomener og reflektere sammen med barna om sammenhenger i naturen. - Gje barna kunnskap om dyr og dyreliv. -Utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna. - Gje barna kjennskap til naturen og berekraftig utvikling. Hjelpe barna å lære frå naturen og utvikle respekt og begynnande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen.	Overgangssamtaler småbarn/stor og mellom bhg/skule Månadens bordvers April: «Vi kan spise ute» Månadens teikn april: -April, vår, blomst, smelte, grønn. Månadens bordvers Mai: «Jorden nærer lite frø» Månadens song: Månadens teikn mai: -Mai, flagg, tog, is, hurra. Månadens bordvers Juni: «Den tanna som nå går sin vei» Månadens teikn juni: -Juni, sommar, sol, insekt, ferie.